



Esther Elizabeth Mae Varøy
Hagellia 11
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1996 - 19/23917

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2019

Ferdigattest bruksendring - gbnr 185/136 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 457/19

Tiltakshavar: Esther Elizabeth Mae Varøy

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 02.08.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.08.2019.

Skildring

| | |
|-----------------|---|
| Adresse: | Hagellia 11 |
| Bygningstiltak: | Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel |
| Bygningsnummer: | 176253118 |
| Avlaup: | Kommunalt |
| Vatn: | Kommunalt |
| Tal på røykløp: | 1 |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for innreiing av kjellar i bustad med bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på gbnr 185/136.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1996

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

| | | | |
|----------------------------|-------------|------|----------|
| Esther Elizabeth Mae Varøy | Hagellia 11 | 5914 | ISDALSTØ |
| Steinar Varøy | Hagellia 11 | 5914 | ISDALSTØ |